

kystfolk

■ Skjer det noko i din organisasjon eller i ditt lag? Har arbeidsplassen din fått nye tilsette, eller skjer det noko spennande i nærmiljøet? Skriv til «Kystfolk», Firdaposten, boks 38, 6901 Florø. Det kostar ingenting å få nokre ord på trykk.

■ Gratulasjonar/helsingar (maks 70 anslag) kostar kr 130,- med eitt bilde og kr 50,- utan. Fristen for bestilling er innan klokka 15.00 to dagar før innrykk (for tisdagsavisar er det fredag innan kl 15.00). Bestill gratulasjonar enkelt via vårt kundesenter på firdaposten.no, eller send til annonse@firdaposten.no

■ Ønskjer du ikkje dagen din i åremålspalta, ring oss i god tid på førehand, tlf. 57 75 73 00.

Åremål

60 år

Jostein Martin Kristiansen.

Bremanger, fredag 21. januar.

50 år

Asbjørn Erling Røyrvik,

Florø, fredag 21. januar.

Björg Marit Bjaanes,

Holmedal, laurdag 22. januar.

40 år

Kjell Landøy.

Værlandet, fredag 21. januar.

Magne Arne Ullaland.

Naustdal, fredag 21. januar.

Ord for dagen

Sjå, der er Guds lam, som ber verdens synd. (Joh 1, 29).

Jeg kneler på din alterfot med hjertets tro, med bønn og bot, jeg kneler ned for deg, Guds Lam, som bærer verdens synd og skam. (Thomas Kingo)

Takk, Herre, fordi du bar alle syndene mine og på krossen vann meg ei evig utløsning. For mi skuld var du såra, har bore verdens synd, miskunn deg over meg, min Jesus.

Dagens blomst

Vi vil gje millionar av roser til våre gode naboar Reidun og Børge Bjerck og brannmennene i Florø for rask reaksjon slik at huset vårt blei berga frå å brenne ned. Takk også til Marie Solheim og Runar Kleppe for utlån av bustad i nabolaget. Tusen takk også til alle andre som støttar oss. Helsing Cecilia Molander, Øystein Reksten, Elin og Oscar.

Dødsfall



Vår kjære mor, svigermor, besta, oldemor, søster og tante

Mildrid Margrethe Indal

f. 7.6.1933

døyde brått frå oss. Florø, 17. januar 2011.

Ellen – Idar Kyrre – Anne May Linda

Andreas, Renate og Roy Idar, Mildrid Marie og Simen Andreas

Gustav (oldebarn)

Reidar og Kristine

Harriet (søster)

Nieser og nevør

Øvrige familie

Godt å få kvila når kreftene sviktar, trøyt etter årelangt arbeid og slit. Takk for dagar og for stunder, takk for alt det du oss gav.

Vert gravlagt frå Florø kyrkje tysdag 25. januar kl. 12.00. Minnehøgtida vert avslutta ved grava.

Dødsfall



Min snille elskede mann, vår kjære pappa, svigerfar og stefar, vår gode bestefar Jens

Jens William (Billy) Jensen

f. 10.08.1944

døde fra oss i dag. Oslo 15. januar 2011.

Ewy Helén

Øyvind Erik – Roland Anne Silje – Steinar

Anette – Martin

Håvard – Guro

Harald Martin, Helene, Jakob og Marius

Freddy (bror) - Anne

Margaret, Wilma Øvrige familie

Bisettes fra Grefsen kirke fredag 21. januar kl. 14.00.

Like kjært som blomster er en gave til Hospice Lovisenberg. Gaven kan gis i kirken.

Ei helsing



Ruth Lilly Anvik Johannessen.

Kjære Ruth Lilly!

Vi gratulerer med 20x3! Her er du 20 år den 20. januar og går på gartnerskole! Du smiler og blomstrer blandt unge og eldre! Vi ønsker deg Guds velsigning! Helsing Magny Rose og Audun familie.



Jonas Hove

Hipp hurra for Jonas som blir tenåring i dag! Gratulerer så mykje med dagen! Hilsen mamma, pappa og Kristoffer.

Ei helsing



Ane Kroppan Knapstad.

Hipp, hurra Ane, no er du endeleg blitt 5 år! Du er ei snill og morosam jente, som vi er veldig glade i. Håpar du får ein kjempefin bursdag. Klem fra Vetle, Mille, June, mamma og pappa.



Helene Strømsøy.

Hei og hå som tida går, nå er gojenta vår Helene blitt 9 år. Håpar du får ein super, fin, bursdag! Vi er kjempeglade i deg! Masse varme bursdagsklemmer fra Nikolai, Lucas, Malin, pappa og mamma.

Fødde



27. november 2010 kom skønne Tobias til verda på Storken, Haukeland. Han var 3660 g og 52 cm lang. Stolte og takknemlege foreldre er Margaret og Kim Alvsåker Ellingvåg.

Krev arkeologiske undersøkingar

Bergen Sjøfartmuseum har stila eit krav om arkeologiske undersøkingar til Flora kommune. Det kjem i samband med at det no vert laga ein ny reguleringsplan for området Sørstrand og Austvik i Florø.

OLAV HATLEMARK
olav@firdaposten.no

Saka gjeld planen som skal legge rammene for den vidare utviklinga av friluftsparken med badeanlegget på Sørstrand. Museet kjenner i dag ikkje til at det er funne maritime kulturminner her. Men området ligg i eit felt med potensial for steinalderbuplassar ned til fem meter under dagens havnivå.

Museet viser til fleire

andre plassar i Flora der det har vore gjort slike funn. Fagfolka meiner difor at det kan vere sjansar for å gjere slike funn også i sedimenta under havnivået på Sørstrand.

Så spørst det då korleis dette kravet vil påverke dugnadslysta og pengepengungen til eldsjelene- og styret til den frivillige stiftinga som står bak arbeidet med planen og har teke på seg å utvikle og opparbeide eit bad og ein folkepark i friluftsområdet i nærleiken til Florø Lufthamn.

Bergen Sjøfartmuseum viser til lova om kulturminne og minner om at tiltakshavar pliktar både å undersøkje området og koste vidare undersøkingar.

- Sats på å utvide Kanalen i Florø

Ein lesar av Firdaposten meiner at området ved Kanalen vil vere ideelt å utvikle og at dette burde takast med i sentrumutviklinga. Med djupare kanal så kan småbåtene sleppe å gå rundt heile Florø-landet for å fylle drivstoff og anna. Så meiner vedkommande at det kan leggast turstiar i området og auka trafikk vil også legge press på eigarane til å vøle eigedommane.